

ULVIK HERAD



ØKONOMIPLAN 2018-2021 og ÅRSBUDSJETT 2018

INNHOLD

1. Heradsstyrevedtaket

1.1. Ulvik - perla i Hardanger

2. Innleiing

2.1 Kommuneplan 2009-2020

2.2 Handlingsprogrammet med økonomiplan og årsbudsjett

2.3 Omstilling og utvikling - «Ulvik 2021»

2.4 Kommunereforma

3. Tenesteproduksjonen

3.1 Politisk styring

3.2 Administrasjon, kultur og samfunnsutvikling

3.3 Barnehagen

3.4 Undervisning

3.5 Helse- og omsorg

3.6 NAV

3.7 Teknisk drift og anlegg

4. Økonomiplan 2018-2021 med årsbudsjett og økonomiske oversikter

4.1 Inntekter i planperioden

4.2 Einingane sine rammer for drifta i planperioden

4.3 Lån, renter og avdrag i planperioden

4.4 Investeringar i planperioden

4.5 Disponible fond

4.6 Næringsfondet

4.7 Sparekatalogen - oppsummering

S. Vedlegg

5.1 Årsbudsjett 2018, drift. Budsjettkjema 1

5.2 Årsbudsjett 2018, investering. Budsjettkjema 2

5.3 Detaljert driftsbudsjett, budsjettkjema Ib

5.4 Betalingssatsar 2018

1. Heradsstyrevetaket

Rådmannen sitt framlegg:

Ulvik heradstyre godkjenner framlegg til budsjett for 2018 og økonomiplan for 2018-2021 med desse føresetnadane:

1. Budsjett for 2018 og økonomiplan for 2018-2021 vert vedteke slik det går fram av vedlagte budsjett- og økonomiplandokument.
2. Framlegg til rammer for fordeling av driftsutgifter til politisk nivå, rådmannsnivå og driftseiningane vert godkjent slik dette går fram av hovudoversikt og vedlagde talbudsjett.
3. Investeringsbudsjettet for Ulvik herad for 2018 vert godkjent med ei totalramme på kr 38 060 000 og eit lånepptak på inntil kr 37 148 715
4. Vanleg skatt på inntekt og formue vert fastsett lik høgaste sats Stortinget godkjenner.
5. For eigedomsskatteåret 2018 skal det skrivast ut eigedomsskatt på verk og bruk, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd, bokstav c.
6. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2018 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.
7. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Ulvik herad vedtekne i heradstyremøte 12.12. 2012 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2018, jfr. eigedomsskattelova § 10.
8. Eigedomsskatten vert skriven ut i to terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd.
9. Det vert ein auke i betalingssatsane for kommunale tenester frå og med 1. jan. 2018. Dette gjeld for dei tenester me sjølv kan prisjustera utan å koma i konflikt med statlege føringar og/eller sjølvkostprinsipp.

For avgifter – vatn og avløp (sjølvkost) vert det vist til oversikt i eige vedlegg til budsjettet. For renovasjon vert det vist til vedtak i Indre Hordaland Miljøverk.

Betalingssatsane for tenester i helse- og omsorg vert auka med 3%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve endringar i forskrift frå departementet med verknad frå og med 1.1. 2018.

Betalingssatsane for tenester på skulen vert auke med 3%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2018.

Betalingssatsane for tenester i barnehagen vert auka til det som regjeringa føreslår som maksimalpris for ein heiltidspllass i barnehage. Andre satsar i barnehagen er auke etter sjølvkostprinsippet.

Husleigesatsane i kommunale utleigebustader er sett opp med 2,5%, der dette let seg gjera utan å koma i konflikt med gjeldande kontraktar eller husleigelov.

Betalingsatsar for byggjesak og matrikulering er sett opp med 20%. Dette gjeld ikkje der ein må ta omsyn til statlege føringar i høve til endringar i forskrift frå departementet med verknad frå 01.01.2018.

10. Ulvik herad tek ut utbytte frå Hardanger Energi AS med NOK 1.147 mill. i 2018.
11. Løyvingar til vedtekne prosjekt som ikkje er fullførde ved årsskiftet kan overførast til neste års investeringsbudsjett utan ny handsaming i heradstyret.

Etter framlegg frå valnemnda vert godtgjersle til ordførar for 2018 fastsett til kr..... og til varaordførar kr.....

1.1. Ulvik – “A Norwegian paradise”

Ulvik er framleis perla i Hardanger. No har ein Cittaslow-delegasjon og definert oss som eit norsk paradis. Det lyt vi jobba med, for at fleire skal forstå – og sjå. Vi må trakke opp att gamle stiar, tenkje nye tankar og gå nye vegar. Frivillig eller ikkje, så er vi ein liten kommune i innbyggjartal, men det er ikkje noko nytt. Slik har det alltid vore. Det som er nytt er at nye oppgåver tek ein større del av budsjettet, slik at dei tenester vi her yt våre innbyggjarar må prioriterast tøffare. Oppgåver ut over det vi er pålagt ved lov, er det vanskelegare å finne rom for. I ei slik brytingstid er det viktig å finne måtar å jobbe framover på, som gjer at vi framleis er attraktive for tilflytting, for rekruttering og ikkje minst; for å bli verande. Vi skal framleis vera perla i Hardanger, for dei som bur her, dei som jobbar her og dei som berre kjem på besøk. Det vert utfordrande, men vi får det til i lag.

Dei økonomiske prognosane for heradsøkonomien viser at me må ta ned drifta med inntil 9 millionar kroner fram mot 2021. Og då veit vi ikkje enno korleis det vert med eigedomsskatten framover. Regjeringa har varsla endringar som vil påføre oss eit alvorleg inntektstap. Vi set vår lit til at dette ikkje vinn fram. Gjer det, må vi jobbe inntektstapet inn i langtidsbudsjettet neste haust. Eller er det svikt i inntektene ved sal av konsesjonskraft og mindre eigedomskatt enn berekna, som gjer at vi må kutte i kostnadane våre for å komme i mål. Den nye sjuke-heimen, som er vedteken bygd og med planlagt oppstart i 2018, medfører og auka kostnader på drifta, noko som forsterkar behovet for å kutte på anna drift. Når sjukeheimen er ferdig bygd vil lånegjelda ha auka frå om lag 76 millionar kroner til 133,5 millionar kroner i planperioden, om det ikkje dukkar opp nye eller auka kostnader. Evt andre naudsynte investeringar som måtte komme, er ikkje teke omsyn til. Der det er mogeleg, må oppgåvene vi skal løyse utførast med færre tilsette. Oppgåver vi ikkje MÅ løyse, må vike for oppgåver som har høgare prioritet eller som er lovpålagde. Enkelte oppgåver eller tenester må vi kanskje konkludere med at vi ikkje klarar å løyse. Men vi skal gjere det på ein måte som gjer at vi held på stempellet som perla i Hardanger, og no, eit norsk paradis.

Arbeidet med sparekatalogen i 2017 vist ein teoretisk mogelegheit i å få til innsparingar. Men det krevst at dei tiltak som vart vedteke faktisk vert gjennomført. Fleire av tiltaka som var vedteke skulle gjennomførast i 2017 er ikkje gjennomført. Dette kan ha mange årsaker, men den viktigaste er at vi har med folk å gjere. Vi har tilsette som har rettigheter og sjølv om vi evt tek vekk ei stilling, så skal den tilsette ha løn og han eller ho skal utføre eit arbeid. På sikt vil vi kunne løyse dette, gjennom gode prosessar, ved å flytte på folk, ved naturleg avgang eller ved å definere om stillinger. Telemarksforskning sin rapport seier at dei fleste tenesteeiningar har jobba med utgiftsreduserande tiltak. Dette er lite synleg i siste års førebels rekneskap, der det er stort meirforbruk på ein del områder. Dette skuldast ikkje berre at stillingar ikkje er tatt vekk eller omfattande vikarbruk, det skuldast og kostnader til individuelle brukarar i skule, barnehage og på helse. Kostnader ein ikkje kan planlegge med, men som må dekkast når dei kjem. Kostnader vi ikkje kan velje bort, men

som vi er pålagde å ha på plass. Omorganisering, omstrukturering og effektiv bruk av ressursar er noko vi må jobbe endå meir med framover, og det er fullt mogleg å oppnå reelle innsparinger på sikt, utan at dette går ut over tenesteproduksjonen i vesentleg grad. Dette kan mellom anna skje gjennom eit meir omfattande samarbeid med våre nabokommunar, noko vi allereie er i gong med å sjå nærare på. Denne økonomiplanen tek opp i seg tiltaka i sparekatalogen, slik den vart vedteken i fjar, men ein del av tiltaka er skuva ut i tid. Auke i inntekter er noko vi og må jobbe meir med.

Gjennom budsjettseminar med Heradsstyret og leiarane og budsjettmøter med relevante partar, har vi lukkast å få på plass eit budsjett som er i balanse. Det er svært lite å gå på og små endringar kan gje store utslag. Det vil vere særleg viktig i tida som kjem å halde økonomien i heradet under oppsikt og å rapportere jamleg på endringar undervegs, slik at me kjem i posisjon til å gjere evt naudsynte justeringar. Eg vil takka alle som har bidrege i arbeidet, og ynskjer med dette lukke til med arbeidet framover i planperioden. Og hugs: «Kapitalen sin største verdi ligg ikkje i at den kan nyttast til å tene meir pengar, men i at pengane kan nyttast til å forbetre livet» (Ref, Henry Ford).

Med helsing

Thore Hopperstad

-rådmann-

2. Innleiing

2.1. Kommuneplan 2009-2020

Kommuneplanen er heradet sin overordna plan for kommunen si utvikling. Kommuneplanen har ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen gjeld i ein 12 årsperiode. Ulvik herad vedtok samfunnsdelen i 2010, og arealdelen i 2016. Ut frå endra føresetnader i planperioden 2018-2021 bør samfunnsdelen takast opp til ny vurdering.

2.2. Handlingsprogrammet med økonomiplan og årsbudsjett

Handlingsprogrammet er handlingsdelen av kommuneplanen, og har eit 4-års perspektiv. Økonomiplanen kan vera ein del av handlingsprogrammet, og skal visa kommunen sine utgifter og inntekter i planperioden. Årsbudsjettet er første året i økonomiplanen, og er juridisk bindande for kommunen.

Kommunestyret skal vedta ein økonomiplan og årsbudsjett som er i balanse. Handlingsprogrammet/økonomiplanen skal oppdaterast kvart år.

2.3. Omstilling og utvikling

Heradet står overfor ei større omstilling. Me byrja prosessen i fjar og er godt i gang med dei sparetiltaka som sparekatalogen legg opp til. Organisasjonen er i gang med omstillinga som er naudsynt for å kunne redusera dei framtidige driftsutgiftene. Målet er å yta kvalitativ gode tenester til innbyggjarane i heradet sjølv om dei økonomiske rammene er mindre.

Det er viktig å forankra omstillinga i organisasjonen og spela på lag med alle tilsette og deira organisasjonar. Om me lukkast med dette vil det gje organisasjonen eit løft og føre til ei positiv utvikling.

2.4. Kommunereforma

Stortinget har tatt si endelege avgjer og Ulvik vil halde fram som eigen kommune.

Å stå åleine har sine utfordringar. Me må samarbeide med andre kommunar på ein del tenesteområde som for eksempel barnevern, IKT og legevakttenester. Me har allereie i dag gode avtalar med nabokommunane våre, men i og med at Granvin vert ein del av nye Voss herad og Odda vert ein del av nye Ullensvang kommune, må det nye avtalar på bordet. Me er i gang med denne prosessen, i tillegg ser me på andre moglege tenester som er naturleg å samarbeide om.

3. Tenesteproduksjonen

3.1. Politisk styring

Heradsstyret og formannskapet er dei sentrale styringsorgana i Ulvik herad. I tillegg er det eit eige partsamansett utval (administrasjonsutvalet). Ut over dette er det ei rad utval som i varetek ulike politiske ansvarsområde som t.d. Viltnemnd og Fjellstyre. Heradsstyret er vedtaksorgan for budsjett og økonomiplan, etter tilråding frå formannskapet.

Heradsstyre og formannskapet 2015-2019

Heradsstyret frå 14.10.2015

Venstre (4): Håkon Gjerde, Oddmund Jordal, Ingrid Sponheim og Anders Kr. Oppheim.

Arbeiderpartiet (5): Hans P. Thorbjørnsen, Ingrid Prestegard, Alf G. Sortland, Ronny Lunestad og Jorid Løvtangen.

Senterpartiet (4): Jens O. Holven, Eva K. Dahl, Ingvild B. Sygnestveit og Jon O. Heggseth.

Høgre (2): Stig Røkenes og Magrete Øydvin.

Sosialistisk Venstreparti (2): Guro Ljone og Hanne Li.

Formannskapet frå 14.10.2015

Hans P. Thorbjørnsen (AP), Stig Røkenes (H), Jens O. Holven (SP), Håkon Gjerde (V) og Guro Ljone (SV)

Politiske føringer.

Arbeidet med ein økonomiplan må vera tufta på politiske føringer. Økonomiplanseminaret som vart halde i heradstyresalen den 27. september 2017, gav heradstyret og tillitsvalde innblikk i utfordringane me står framfor i åra som kjem.

Ny sjukeheim er eit prioritert ynskje frå politisk hald, samstundes gjer heradstyret klart uttrykk for at dei andre tenestene som heradet yter til innbyggjarane også er viktige. Det å leggje til rette for gode oppvekstvilkår, gode helse og omsorgstenester og næringsutvikling som igjen skapar aktivitet og arbeidsplassar vert også vekta tungt inn i dei politiske føringane.

3.2. Administrasjon, styring, kultur og samfunnsutvikling

1 Verksemda

Ansvarsområde 210 (og 200) femner om; Rådmannen, politisk verksemd, styring og kontroll, felles administrasjon, felles IKT, kultur, næring og tilskot til kyrkja.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

Det er to grunnlagsendringar i budsjettframlegget for 2018/økonomiplan 2018-2021.

1. Felles IKT-teneste har hatt auka utgifter som fylgje av overgangen frå Odda kommune til Kvam kommune som vår tenesteleverandør.
2. Grunnlagsendringar på løn som fylgje av nyrekuttering.

Det er teke høgde for dette i budsjettframlegget som vert kommentert meir under punkt.3. Ut over dette vil to avtalar kunna utfordra ramma i budsjettet i økonomiplanperioden 2018-2021. Dette vil gjelda avtalen om felles rådgjevar skule/barnehage der Ulvik herad har 100% arbeidsgjevaransvar for stillinga. Når Granvin vert del av Voss vil dette avtalen opphøyra. Endringane må innarbeidast i økonomiplanen når konsekvensane er klare. Vidare har Ulvik avtale med Granvin herad om kjøp av biblioteksjef i 50%. Ulvik herad har 100% arbeidsgjevaransvar. Avtalen vil opphøyra når Granvin vert del av Voss herad. Konsekvensane må innarbeidast i økonomiplan.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Drift:

Rammeendringane er nedlegging av lokalhistorisk arkiv frå 1.1.2021. Dette utgjer årleg reduksjon i driftsutgiftene med kr. 300 000,-. Vidare er 20% stilling ved økonomikontoret inndrege frå 2018, noko som utgjer 100 000 kr. i reduserte utgifter. Desse reduksjonane er i tråd med sparekatalogen i gjeldande økonomiplan 2018-2021. I tillegg er tilskotet til kyrkja redusert med 50 000 kr. Alle tiltak er i tråd med sparekatalogen.

For teneste 1201 felles IKT-teneste er lagt inn ekstra midlar som fylgje av ny driftsavtale med Kvam herad. Sjølve driftsavtalet er ikkje dyrare, men den nye løysinga har medført ny avtale på økonomisystem og ny ordning rundt den tekniske løysinga med sentralbordtenesta. Tenesta er styrka med ca. 300 000,-. Dette er finansiert ved å redusera på postar i budsjettet generelt, redusera på abonnement/kontingentar.

Grunnlagsendringar på løn som fylgje av nyrekuttering er henta inn ved å redusera løn på vakant stilling, og budsjettera med løn i vakant stilling for 10 månader i 2018.

Investering:

Det er sett av 650 000 kroner i 2018 til investeringar i på felles IKT-teneste. Av dette går 170 000 inn i avtalen med Kvam herad.

Bruk av næringsfond:

Bruken av næringsfond er om lag på same nivå som i 2017. Tilskota er justert for

konsumprisindeks. Midlar til Cittaslow er auka frå 100 000 kr til 200 000 kr. som også inkluderer nye banner i sentrum. Det er også sett av kr. 30 000 til planting i sentrum.

4 Målsetjingar og strategiar

Målet er å oppretthalda ein god tenesteproduksjon i framtida.

Endringane i rammene framover vil medføra at heradet bruker mindre til administrasjon enn tidlegare. Det vil etter kvart koma fram på kostra-tala. Det vil vera strategisk viktig å motivera tilsette til å ta del i desse endringane, slik at ein når målet med å oppretthalda tenesteproduksjonen, med færre ressursar. Dette kan både ha ein negativ og ein positiv effekt. Positiv i den forstand at ein må jobba smartare, medan nokon vil oppleva at ein får meir arbeid tillagt stillinga. Uansett er dette nødvendig ut frå det faktum at inntektene minkar i tida framover.

Ut over dette må vår kommune også i framtida søkja samarbeid med andre kommunar for å løysa viktige oppgåver saman.

3.3. Barnehage

1 Verksemda

Ulvik barnehage har per februar 2018 96 plasseiningar fordelt på 67 barn. Dette talet varierer ein del i løpet av året avhengig av søkerader, opptak og alder på barna.

Personalgruppa utgjer 21 tilsette og er på 16,62 årsverk. Då er styrkingstiltak i barnegruppene inkludert.

Barnehagen er pålagt å fylgja lov om barnehage og andre lover som regulerer arbeidsmiljø, bygg og anlegg.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

Barnehagen har 5 avdelingar. Ein avdeling, modulavdelinga Gråtass, er i utgangspunktet mellombels.

Med bakgrunn i tal barn fram til sommaren 2019, har vi difor valt å legge kostnaden ved modulbarnehagen inn i budsjettet for 2018, slik at leigeavtalen kan forlengast fram til sommaren 2019.

Barnehagen har utfordringar i høve fysiske tilhøve både når det gjeld stellerom og høve til kvile og rolege aktivitetar for barna.

Det er kun eit felles stellerom for avdelingane frå 3-5 år. Dei er per no 36 barn.

Stellerommet er utdatert i høve både romkvalitet og utstyrsmessig. Avdelingane har ein del bleiebarn. Modulbarnehagen har toalett for barn med funksjonshemminger.

Småbarnsavdelingane sine stellerom har varierande kvalitet, og særleg eit treng utbetring og vedlikehald. Modulbarnehagen sine stellerom og toalett har god standard.

Barnehagen si målesetjing er at av kvar tredje tilsette så skal det vera to førskulelærarar. Denne målsetjinga er ikkje oppfylt pr dags dato, men om vi samanliknar oss med andre barnehagar i mindre kommunar, så har vi svært god kompetanse hjå oss. Det vert likevel alltid jobba kontinuerleg for å nå målsetjinga. Ulvik barnehage har kompetente og dedikerte tilsette som gjer til at både barn og vaksne trivst.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Barnehagen har fått auka ramme ut frå noverande organisering med 5 avdelingar for heile 2018.

Det må bli ny vurdering i høve tal avdelingar og behov for modulbarnehage i samband med budsjett for 2019.

For å unngå stadig underbudsjettering, er det føreslege å auka opp vikarpostar ein del, jamfør rekneskap for 2017.

Kostnaden med lovfesta rett til søskenmoderasjon og redusert foreldrebetaling utgjer rundt 110 000 kr i 2017. Praksis t.d. i Voss kommune, er å tilbakeføra ein del av desse utgiftene til barnehagen når barnehagen har synleggjort dette inntektstapet.

For 2018 er det sett opp ein sum som skal kompensera for det.

Foreldreutvalet i barnehagen har vedteke auka foreldrebetaling for mattilbod i barnehagen frå og med 2018. Utgifter til mat er justert opp mot det barnehagen får i inntekter frå foreldra.

4 Målsetjingar og strategiar

Ulvik barnehage held fram med drift i 5 avdelingar slik at kommunen kan oppretthalda god kvalitet på barnehagetilbodet og oppfylla målet om full barnehagedekning.

Ulvik barnehage skal gi eit kvalitativt godt barnehagetilbod til barna. Det inneber også ekstra tilbod til barn som har bruk for det, og krav på det.

Barnehagen har ekstra ressurs for barn med særlege behov, det gjeld ekstra ressurs 50% stilling og spesialpedagog 12% stilling.

Stillinga for spesialpedagog bør aukast opp til 80 – 100 % stilling. Ein kunne nytta denne stillinga for barnehage og skule i samarbeid, og dela kostnader.

Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5, barnehagen, er kr 128 000. Det er lågare enn det ein finn i vår kostragruppe, og har gått ned dei siste 3 åra. Korrigerte brutto driftsutgifter per barn i barnehage har også gått ned dei siste åra, og er no på 171 143. Me er langt under Eidfjord, men på linje med t.d. Granvin. Me ligg likevel 15 646 kr under det som er snitt per barn i vår kostragruppe, så Ulvik brukar mindre på barnehage enn mange andre kommunar. Barnehagedekninga er på 91,8%, og er høgare enn landssnittet. Her syner nok dei tiltaka som Ulvik kommune har gjort i høve nye innbyggjarar att i høge tal.

3.4. Undervisning

1 Verksemda

Kap 2020 Grunnskule, 2021 PPT, 2150 SFO,
2221 Skuleskyss, 3830 Kulturskule, 2131 Vaksenopplæring.

Kap 230 Undervisning:

- Verksemda er styrt av lover, føresegner og rundskriv, i all hovudsak frå utdanningsdepartement og utdanningsdirektorat
- Verksemda skal levera tenester som sikrar at born, unge og vaksne sin rett til god og likeverdig opplæring vert ivaretaken.
- Dei kommunale tilboda for born og unge er; Grunnskuleopplæring, Skuleskyss, PPT/spesialundervisning, skulefritidsordning (SFO) og kulturskule.

- Vaksenopplæring, med særleg vekt på norsk og samfunnskunnskap for vaksne minoritetsspråklege med rett og plikt til opplæring, og retten vaksne – også minoritetsspråklege – har til grunnskuleopplæring når dei ikkje har gjennomført grunnskulen tidlegare i livet.
- Dessutan leverer tenesta eit tilbod som heradsstyret ved fleire høve har understreka at dei ynskjer; tilbod om gratis kantine, for elevar i 5.-10.klasse, 2 dagar i veka.
-

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

No-situasjonen:

- Undervisningseininga har i dag dyktige tilsette i alle ledd.
- Spesialpedagogisk kompetanse er styrkt sidan utfordringane på dette fagområdet aukar.
- Me har samarbeidspartar som leverer gode helse-, PPT-, BUP- og barnevernstenester.
- Me har gode opplæringsrom, men tilpassa til dagens drift med små klassar, godt utstyr, ryddig organisering.
- Skulen gjer det godt på ekstern skulevurdering, sluttvurdering/grunnskulepoeng etter 10.klasse. Me meiner at me gjev ei god opplæring for alle.
- Nesten alle Ulvik-elevane fullfører vidaregåande skule på normert tid, 3 år.
- Skulen har fram til 2015 vore drifta som ein fulldelt skule, med reine årsstegsklassar. Frå 2015 har me arbeidd noko med samanslåtte klassar i ein del fag. Dette vil me fortsetje med i åra som kjem.
- Kulturskulen har mått redusera timelengdene på individuelle tilbod, og auka gruppestørleiken i andre tilbod for å kunna ta imot alle elevane.
- SFO har teke imot alle som har søkt plass i rett tid, men og gjort opptak etter at fristen var gått ut.
- Elevar med anna morsmål får særskild norskopplæring, ekstra hjelp i andre fag og morsmålsopplæring – slik lova krev det.

Utfordringar er m.a. knytt til:

- at skulen har ein stor andel elevar med dokumentert behov for omfattande spesialundervisning.
- Elevar med språklege utfordringar har større behov for støtte, tilpassing, tilrettelegging og hjelp.
- at me har hatt relativt stor personalutsifting. Den starta for to år sidan, og vil halda fram 1-2 år til.
- at økonomien ikkje gjev tilstrekkeleg rom for naudsynt etterutdanning.
- at elevtalet i årskulla varierer mykje.
- at klassesamanslåing, som er Telemarksforsking sitt viktigaste innspeil til kutt i budsjettet, er/vert ei stor pedagogisk og organisatorisk utfordring.

Mogelegheiter er m.a. knytt til:

- at skulen greier å tilretteleggja for meir praktisk, livsnær, kreativ, motiverande og framtidsretta opplæring, i samarbeid med foreldre og lokale krefter
- at fleirbrukshallen og den rehabiliterete symjehallen gjev inspirasjon til meir fysisk aktivitet.
- at uteskule og arbeid med fysisk aktivitet i kvardagen i skulen vert utvikla vidare.
- at digitale verktøy kan skapa meir variert og motiverande opplæring.
- at pedagogisk og fagleg utviklingsarbeid i skulen gjer at foreldra kjem sterkare inn att i skulen.
- Tilstrekkelege økonomiske rammer.
- at eit samarbeid med grannekommunane, særleg Eidfjord, kan bidra til ei fagleg styrking, og til eit auka samkvem mellom born og unge i indre Hardanger.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Vedteke budsjett 2016, 2017. Ramme 2018	19.53 0	19.43 5	18.581
Samla reduksjon frå 2017 til 2018 i kap 230			-854

Kva kjem reduksjonen av, og kva verknader får det:

	2018
1) Stopp i overføring til særskild norskopplæring	-766
2) Rammekutt, Telemarksforsking; kutt i stillingar	-400
3) %-justering frå 2017-2018, for løns- og prisauke, totalt	+312
Samla reduksjon	-854
Konsekvensar:	
6) Reduserte lærarstillingar, (ca 1,2) pga kutt flyktningefond, justert mot auke i statstilskot og ekstern finansiering	-538
7) Redusert fagarbeidarstilling (ca 0,2) pga kutt frå flyktningefond, justert mot auka ekstern finansiering	-76
8) Justerte utgifter til PPT, skyss og kulturskule.	+68
9) Kutt i lærebøker, skulemateriell, inventar, utstyr, dvs. ostehøvel på driftspostane i skule, sfo.	-298
Sum justeringar og reduksjonar	-854

Nærare omtale av konsekvensane av nedskjeringa på kr 854.000.

- 1) Redusert lærartimetal/stillingar. Om reduksjonen vert teken frå januar, er det ca 1,2 stilling ned. Det er uråd å få til. Frå hausten 2018 vil det bety ein reduksjon på inntil 2 stillingar. Det er utfordrande å få til, utan omfattande klassesamanslåing. Spesialundervisninga er skjerma gjennom opplæringslova. Reduksjonen vil føra til at to årssteg må gå saman i fleire fag/timar. Det er hausten uråd å slå saman i ungdomsseget og i småskulen pga. elevtal.
- 2) Redusert lærartimetal minoritetsspråklege/flyktningar/velkomstklasse. Behovet kan bli endra undervegs i budsjettåret, men dette kan me ikkje ta høgde for før det vert aktuelt.
- 3) Redusert assistenttimetal. Telemarksforsking sa at me har for få elevar pr assistent hjå oss, (eller for mange ass pr klasse). Dei tok ikkje høgde for at assistentane i all hovudsak er knytt til einskildelevar med særskilde utfordringar og behov – og at assistentane har svært få generelle «hjelpeoppgåver» for ein klasse, for å avlasta lærar.
- 4) I budsjettet for 2017 vart det løyvd særskilte midlar til kantine, ekskursjonar og køyregodtgjersle i kulturskulen. Desse midlane ligg fortsatt i ramma til skulen og tilbodet vert oppretthalde også i 2018.
- 5) Kutt i diverse driftspostar. «Ostehøvelen» må nyttast på mange driftspostar for å få budsjettet i balanse. Den samla reduksjonen i drifta er budsjettert med eit merkbart kutt på kr 298.000.-.
- 6) Budsjettet for 2018 føreset ein nivåreduksjon i opplærungstilbodet frå 2017. Hausten 2017 har me nytta nesten alle tilgjengelege lønstimar for lærarane til samla klasseundervisning eller til spesialundervisning.
- 7) Ekstern finansiering av lærarar og fagarbeidrarar er knytt til einskildvedtak om spesialundervisning, og desse midlane vil endra seg om elevgrunnlaget vert endra.
- 8) I all hovudsak er endringa i rammene for kap 230 ein konsekvens overføringer frå fondsmidlar vert fjerna, utan at oppgåvene desse midlane har vore nytta for å løysa dei siste to åra er blitt borte. Innføringsklassen er lagt ned, men grupper med særskild norskopplæring, tospråkleg fagopplæring og morsmål vil me måtte ha enno i 1-2 år, når me ser elevgrunnlaget framover.
- 9) Kort om kva me nytta hovuddelen av budsjettet til; Personalkostnader: Budsjettet hausten 2017 gjev skulen høve til totalt 469 t/v.

Dette vert nytta slik:

95 t/v til leiing, lagleiing, kontaktlærararbeid, utdanning, seniortid, tillitsvaldarbeid og andre fastlagde oppgåver utanom sjølve undervisninga.

268 t/v til å ha ein lærar i kvar klasse i kvar time (fulldelt krev 286 t/veke),
19 t/v nytta for at minoritetsspråklege skal få særskild språkopplæring,

11 t/v til styrking av småskulen (- desse er direkte finansiert av øyremerkt statstilskot, som er løyvd utanom rammetilskotet til heradet), og

95 t/v er til spesialundervisning.

I tillegg er det plass til:

94 t/v med assistenter/fagarbeidrarar, herav 85 t/v til spesped-assistent og 9 til klasse-assistent i fag som symjing og kunst og handverk.

Kantina kjem i tillegg med 12 timer pr veke.

10) Det er ikkje mogeleg å halda same nivå på tenestetilbodet, med den ramma som ligg i 2018-budsjettet.

11) Budsjettet for vaksenopplæringa vert organisert direkte under heradet og ikkje i samarbeid med fylkeskommunen slik det har vore det siste året.

4 Målsetjingar og strategiar

Målsetjingane for eininga er m.a.:

- Elevane i Ulvik herad skal framleis ha sluttresultat/grunnskulepoeng på line med elevane i dei andre kommunane i Hardanger.
- Elevar frå Ulvik herad skal ha med seg kunnskapar, motivasjon og haldningar til læringsarbeid som gjer at dei fullfører vidaregåande skule på 3 år.
- På nasjonale prøver i 5.-8.-9.klasse skal færrast mogeleg av elevane i Ulvik ha resultat i lågaste mestringsområde.
- I elevundersøkinga skal omfanget av elevar (7. og 10.klasse vert spurt) som varslar mobbing reduserast ned mot null innan tre år (2020).
- I elevundersøkinga skal elevane frå Ulvik melda om gode arbeidsforhold, godt læringsmiljø, god motivasjon og støtte frå foreldre og tilsette, god medbestemmelse, forståeleg og støttande vurdering for læring.
- Alle tilsette skal ha godkjent og relevant utdanning.
- Skulen skal ha tilstrekkeleg fagkompetanse i alle fag og på alle steg.
- at føresette og skule har eit godt og konstruktivt samarbeid med engasjementet for borna sine samla oppveksttilbod.
- SFO skal gje eit godt tilpassa tilbod som møter det behovet som må dekkast
- Kulturskulen skal gje eit allsidig tilbod, ingen skal på venteliste.
- Vaksenopplæringa skal utviklast i samsvar med nye behov knytt til lovfesta rettar.
- Kantinetilbodet kan drivast vidare.

Strategiar for å nå måla: (Dette gjeld både skule, SFO og kulturskule)

- Me må stå på prinsippet om tidleg innsats og tilpassa opplæring for alle.
- Me må ha eit etter- og vidareutdanningstilbod som sikrar fagleg kvalitet.
- Me må ha eit breiare samarbeid med dei føresette for å skapa betre grunnlag for trivsel, motivasjon og læringsarbeidet.
- Me må utvikla samarbeidet med grannekommunane.
- Heradet må ta aktive grep om fritidstilbodet til born og unge.
- Heradet veit at mange born og unge slit psykisk. (Tal frå Ung-data-undersøkinga 2015 og 2017) Ein må knyta til seg personale med kunnskap om barne- og ungdomspsykiatri – gjerne i samarbeid med grannekommunane, for å kunne tilby rask hjelp til dei som slit.
- Heradet må satsa aktivt på å utvikla ein meir samla oppvekststat, jf. Telemarksforsking sin rapport som viser alternative organiseringsmåtar for heradet sin samla tenesteproduksjon.
- Heradet må utvikla tilbod som i større grad gjev felles arena for born, unge og eldre. Mykje kunnskap og verdiar kan gå tapt når born og unge ikkje lenger kjenner nokon som er blitt pensjonistar.

TABELL OVER ELEVTALESUTVIKLINGA 2017-2024

Skuleår	1.-kl fødd	1.-kl	2.-kl	3.-kl	4.-kl	5.-kl	6.-kl	7.-kl	8.-kl	9.-kl	10.-kl	Sum	Snitt pr kl.
2017-2018	2011	10	16	10	13	9	12	11	15	16	6	118	11,8
2018-2019	2012	19	10	16	10	13	9	12	11	15	16	131	13,1
2019-2020	2013	11	19	10	16	10	13	9	12	11	15	126	12,6
2020-2021	2014	8	11	19	10	16	10	13	9	12	11	119	11,9
2021-2022	2015	13	8	11	19	10	16	10	13	9	12	121	12,1
2022-2023	2016	10	13	8	11	19	10	16	10	13	9	119	11,9
2023-2024	2017	10	10	13	8	11	19	10	16	10	13	120	12

Ulike alternativ for klasseamanslåing kan vera:

	1.-kl	2.-kl	1+2kl	2+3kl	3+4-kl	4.-kl	5+6-kl	7.-kl	8+9-kl	9+10kl	10.-kl	
2017-2018	10	16	26	26	23	13	21	11	31	22	6	
2018-2019	19	10	29	26	26	10	22	12	26	31	16	
2019-2020	11	19	30	29	26	16	23	9	23	26	15	
2020-2021	8	11	19	30	29	10	26	13	21	23	11	
2021-2022	13	8	21	19	30	19	26	10	22	21	12	
2022-2023	10	13	23	21	19	11	29	16	23	22	9	
2023-2024	10	10	20	23	21	8	30	10	26	23	13	

Gamle klassedelingstal var max 24 når to årssteg gjekk saman, på vilkår av at rommet er stort nok.

3.5. Helse og omsorg

1 Verksemda

Eininga har ansvaret for helse og omsorgstenester i heradet. Tenestene som har eigne driftsbudsjett er kommunelegetenesta, jordmor og helsesyster, legevakt inkludert ØH-senger, psykiatri og rus, fysioterapiteneste, skjenkekонтroll, krisesenter, barnevernsteneste inkludert tiltak, annan bustad/ institusjon, aktivitetstilbod barn og unge, Drift av Nr 10, brukarstyrt personleg assistent (BPA), støttekontaktteneste, psykiatriteneste, Ulvik sjukeheim, heimesjukepleie, heimehjelp, institusjonskjøkken, dagsenter, arbeidstova, dagavdeling for demente og ergoterapi.

Eininga er ansvarleg for inntaksnemnd for vurdering av institusjonsopphold, bustadgruppa, tverrfagleg gruppe, koordinerande organ, saker etter serverings- og alkohollova, folkehelse, flyktningar, heradets representant i styret i Brakanestunet. Dette er tenester som ikkje er reflektert i budsjettet.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

No- situasjon

Status 2017 er eit høgt underskot i eininga. Deler av dette kan forklaraast med ein ressurskrevjande tilstand på sjukeheimen. I tillegg er det gjort enkeltvedtak som ikkje har vore budsjettet med i 2017 (til dømes 2520, 2533, 2546, 2547).

Jf sparekatalogen er PLOMS og Helse & sosial slått saman til helse og omsorg. Det har redusert rammetildelinga med kr 500 000, men ikkje endra lønskostnaden. Eininga har opplassert eige personale for å dekke inn noko av lønnskostnadane ved behov for vikarar. Eininga har i liten grad nytta vikar ved langtidssjukdom ved legekontor og psykiatriteneste. Jf sparekatalogen skulle eininga redusere 60% stilling på kjøkken. Dette tiltaket er flytta til 2020. Det skuldast at dagens sjukeheim ikkje har avdelingskjøkken. På ny sjukeheim vert det avdelingskjøkken, og ein kan då spare ei seinvakt og kveldstillegg.

Oppseiing av avtalefesta legeteneste Granvin-Ulvik vil redusere inntektene til eininga.

Utfordringar:

Interkommunal legevakt har ein auke i sitt framlegg til budsjett for 2018 med kr 220 117. Samanslåing Voss og Granvin vil gje ytterlegare auke i utgiftene i framtida. Eit auka krav om lovpålagnede tenester i framtida, vil påverke utgiftene. Til dømes nye krav om psykolog frå 2020.

Auka krav til rapportering, innsyn og mottak av stadig sjukare pasientar frå sjukehus er krevjande for personalet. Manglande støtte og opplæring frå sjukehuset utfordrar kompetansen hjå personalet. Mangel på vikarar med rett kompetanse kan verke inn på evna til å ta i mot utskrivingsklare pasientar. Ein lege har sagt opp stillinga si i prøvetida, og det kan ta tid før ny lege er på plass. Det er også behov for utskifting av PC- maskiner på lege- og helse kontor. Eininga har lovpålagnede tenester det ikkje er sett av midlar til, til dømes folkehelse og flyktningar. I tillegg har Fagforbundet sin leiar frikjøp i 20% av stillinga. Ho er tilsett i eininga. Dette er ikkje kompensert for i budsjettet.

Heradstyret har vedteke å starte arbeidet med å planlegge eit døgntilbod for vaksne psykisk utviklingshemma. Dette vil føre til at ramma må aukast frå 2019.

Mogelegheiter:

Samanslåing av eininga kan gje ein betre utnytting av kompetanse. Eininga har mogelegheit til å disponere personalet på tvers av tenesteområda. Dette kan på sikt gje ein betre ressursstyring og redusere noko av vikarbehovet.

Betre oppfølging av kjøp av tenester frå andre kommunar kan redusere heradet sine utgifter. Eit auka samarbeid med Eidfjord kan gje føremoner. Til dømes kan det gje betre avtalar ved kjøp at IKT – avtalar (VISMA og NOTUS). Kjøp av legeteneste frå Eidfjord vil gjera til at tilbod til innbyggjarane vert oppretthalde, og samstundes slepp heradet kjøp av dyre vikarar. Eit auka fokus på tilskotsordningar kan gje eininga midlar for å sikre nødvendig utvikling innan kompetanse og teknologi.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Jf sparekatalogen er rammenedringa frå 2017 på kr 500 000 for 2017. For 2018 er endringa

på kr 192 000.

I tillegg viser rekneskapen frå 1.11.2017 eit underskot på kr 1910 000. Dette gjer at eininga i realiteten må redusera utgiftene med totalt kr 2 602 000. Samstundes er det ein auke på andre tenester. Til dømes vil utgifter som i realiteten er lønsutgifter vera utgiftsført som andre driftsutgifter (til dømes 2411- legevakt, og 2533- anna bustad/institusjon). Desse utgiftene vil i realiteten auke meir enn det som er kompensert, dette vil igjen gje reduksjon på andre område. Enkeltvedtak som gjev store utgifter (til dømes 2520- barnevern) har ikkje ført til ein auke i ramma. Desse utgifter må takast frå andre tenester.

Hovedkutt i budsjettet:

Tiltak	Sparer		Teneste
Avslutte leige av nr 10	72000	Aktivitet flyttast til Brakanestova	2340- drift av nr 10
Flytte tenester og ansvar	950450		2533-anna bustad/institusjon
Omdisponering av midlar	350 000	Kutt i private tenester og overtid, omfordelt til Postane 20200, 20202,20203.	2530-sjukeheimen

4 Målsetjingar og strategiar

Hovudmålet:

- Helse og omsorg skal oppretthalde og vidareutvikla tenesteproduksjon slik helse og omsorgsplanen 2013 legg opp til.
- Eininga skal sikre forsvarleg drift.

I periodar der det er høve for å prioritere vil tenester som ikkje har eit driftsbudsjett verte nedprioritert.

Sentrale delmål for å oppnå overordna mål:

1: Kutt i overtidsbruk og bruk av vikarbyrå

Tiltak:

- Avdelingsleiarane får tildelt sine budsjett. Dette gjev eit eigarforhold til eige budsjett og kan auke forståinga for økonomistyringa.
- Økonomirapportering på kvart einingsmøte for å sikre at eininga kan gjere tiltak før evt overskridningar. Dette gjeld til dømes dei tilfelle der enkeltvedtak medfører ein auke i utgiftene. Slike enkeltvedtak må medføre tilskot av midlar.
- Etablere turnusgruppe i eininga.
- Leggje om til årsturnus med oppstart 18.des 2018.
- Endre gjennomføring av ferie for å auke bruk av eigne tilsette.
- Motivere personalet til å stå i utfordrande oppgåver.

3. Skal skape ein robust eining

Tiltak:

- Kompetanseutvikling hjå personalet for å skape rollefleksibilitet.
- Nyttja personalet på tvers i eininga.

4. Rekruttere vikarar med rett kompetanse

Tiltak:

- Vere aktive i sosiale medier for å reklamere for eininga.
- Nyte gratis oppslag for å fremja eininga som arbeidsplass.

5. Utvikle samarbeid med andre kommunar

Tiltak:

- Delta i allereie eksisterande nettverk og samarbeidsorgan.
- Betre samarbeid med Eidfjord til dømes psykologteneste, legeteneste, skule- og helsestasjon, drift sjukeheim, IKT avtalar etc.

6. Bruke teknologi som kan effektivisera arbeidsprosessar

Tiltak:

- Teknologigruppe som følgjer med i utviklinga og evt planlegge forslag til endringar
- Kjøpe elektronisk vaktbok som effektiviserer arbeid med vikarar
- Kommunisere via mobil

Utdrag frå kostra- statistikk pleie og omsorg viser at Ulvik ligg lågare i driftsutgifter, men ikkje når me har korrigert brutto driftsutgift, institusjon pr communal plass.

Kostratall for 2016:

	Ulvik	Jondal	Kostragr.06	Granvin
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto <u>driftsutgifter</u>	28,5%	31%	35%	28,6,%
Korrigerte brutto driftsutgifter pr <u>mottakar av communal omsorgstenester</u>	420'	517'	436'	503'
Korrigerte brutto driftsutgifter , institusjon <u>pr communal plass</u>	1103'	1063'	1.124'	1.099'

Utdrag frå kostra- statistikk kommune helse helseteneste viser at Ulvik har høgare tal enn andre kommunar. Det er fleire forklaringar til dette, men ei forklaring er at Ulvik har fleire årsverk pr. innbyggjar. Dette gjeld alle funksjonar i kommune- helseteneste.

Skule-helseteneste er eit prioritert område frå staten, så det kan vera ein fordel å ha god dekning for å imøtekoma framtidas krav. Samstundes er det planlagt å redusere ein fysioterapeut jf sparekatalogen, senast år 2022. Det kan og vera ein mogelegheit å samkøyra fleire tenester med Eidfjord.

	Ulvik	Jondal	Kostragr.06	Granvin
Netto driftsutgifter i prosent av samlede netto driftsutgifter	7,1%	7,7%	6,4 %	6,2%
Netto driftsutgift helsestasjon og <u>skolehelsetj pr innbygger 0-20år</u>	3320	1692	3299	1137
Netto driftsutgifter til diagnose, behandling <u>og rehabilitering pr innbygger</u>	5710	4993	4355	4274
Dekningsgrad legeårsverk pr 10 000 innbygger <u>kommunehelsetjenesten</u>	28,4	16,2	18,0	21,4
Dekningsgrad fysioterapi årsverk	24,8	15,3	13,0	3,6

3.6 NAV

1 Verksemda

På kommunal sida i NAV Ulvik, så ligg det oppgåver blant anna innan: økonomisk råd- og rettleiing, gjeldsarbeid, økonomisk sosialhjelp, kvalifiseringsprogrammet og arbeid med flyktingar.

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

Utfordringa for NAV Ulvik budsjettmessig, er at det kan vera vanskeleg å veta på førehand kor mange som vil søkja om økonomisk sosialhjelp og fylla vilkår for dette. Av dei som søker kan størrelsen på den økonomiske sosialhjelpa vera veldig varierande.

Det at NAV Ulvik er samansett av både kommunale og statlege tenester, gir NAV Ulvik moglegheit til å ha oversikt over alle statlege ordningane, som kan vera aktuelle for dei som mottar økonomisk sosialhjelp. Det kan vera med på å avbøta på dei kommunale utgiftene til økonomisk sosialhjelp.

Ei konsekvens av å stansa busetting av flyktingar, er at Ulvik herad dei neste åra får mindre i tilskot frå staten, men samstundes større utgifter.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Det har vore ein auke over fleire år av utgiftar til økonomisk sosialhjelp. Det ser ikkje ut som utgifa vil minke med det første, og budsjettet er difor justert opp.

Ulvik herad vil få færre personar som deltar i introduksjonsprogrammet i 2018 enn for 2017. Det betyr noko reduksjon i lønsutgifa. Elles er det budsjett-tekniske justeringar.

4 Målsetjingar og strategiar

NAV Ulvik jobbar mot å få flest mogleg økonomisk sjølvhjelpe. Enten ved at dei kjem ut i jobb (heilt eller delvis), eller nyttar seg av dei statlege økonomiske ordningane dei har krav på, t.d. bustønad og arbeidsretta tiltak. Resultat av slikt arbeid vil kunne visa seg i reduksjon i utgifter til økonomisk sosialhjelp på sikt.

Ein moglegheit for å auka inntektene, er å planlegge ny busetting av flyktingar frå 2018.

3.7 Teknisk drift og anlegg

1 Verksemda

Forvalting og drift av kommunal eigedom og kommunale bygg
Forvalting og drift av kommunale vegar
Handsaming av bygg- og plansakar
Forvalting og drift av vass- og avløpsnett.
Jordbrukskontor
Skogbrukskontor/viltnemnd

2 No-situasjonen – utfordringar og moglegheiter

Gebrysatsar

Som oppfølging av sparekatalogen, vert det også i år lagt opp til 20 % auke i bygg- og plangebyr. Ulvik ligg framleis på linje med kommunar me kan samanlikne oss med når det gjeld desse gebrysatsane.

Gebrya på vatn- og avløp er styrt av kommunedelplan for avløp og vert justert i samsvar med denne.

Husleige vert indeksregulert kvart år pr. 1. mai.

Personale

Det vart i rapporten frå Telemarksforskning lagt opp til ein reduksjon av stillingsheimel innan reinhald. Reduksjonen i denne tenesta er gjennomført gradvis, og i form av naturleg avgang/alderspensjon.

Det har i ettertid vist seg at ein kanskje har redusert litt i overkant av det som er forsvarleg for den daglege drifta. Det er eit stort arbeidspress på dei resterande reinhaldarane, og ein har i tillegg fått ekstra areal å drifta, i form av ein ny barnehageavdeling. Eininga vil sjå på kva moglegheiter ein har for anna organisering av reinhaldet, men ein kan ikkje sjå bort i frå at det på sikt må aukast opp på reinhald.

Avhengig av kva for løysing det vert på heradet sitt arbeid med overtaking av areal i Holmen, vil det uansett medføre eit driftsansvar for dei nye areala. Om ikkje denne drifta vert overtatt av andre enn Hjeltnes vidaregåande, vil oppgåva falle på driftseinininga frå 1.1.2018. Om dette vert den endelege løysinga er det ingen anna råd enn å auke opp ein stillingsressurs på drift. Eininga har fram til no betalt for denne tenesta, og desse midlane vil bli ein del av finansieringa av ein eventuell ny stilling på drift.

Kommunal eigedom og bygg:

Eininga har framleis eit stort etterslep på vedlikehaldsiden på kommunale bygg. Eininga vil derfor føreslå å redusere eigedomsmassen gjennom sal og avhending av kommunale bygg. Når det gjeld uteområda/grøntanlegga er det ikkje tatt høgde for anna enn vedlikehald av dei områda ein har i dag.

3 Rammeendringane i budsjettframlegget

Det vert som nemnt lagt opp til ein årvis auke i gebyrinntektene i åra framover. For bygg og plan vil det sei ca. 45 000-50 000 pr.år.

Under posten «nedklassifisering av kommunale veggjar», er det først og fremst innsparinger på vintervedlikehald som gjer utslaget. Det vil bli ein god innsparing for dei vegane me allereie har nedklassifisert, men bør og gjerast ein vurdering om det er andre veggjar som er naturleg å nedklassifisere og overlevere til grunneigar/-ar. I tilfelle må det vedtakast nye retningslinjer for nedklassifisering.

Det er ikkje lagt opp til naturleg avgang eller annan reduksjon i stillingar i 2018.

Når det gjeld avhending av kommunal eigedom, er dette ein prosess som vil gå over tid. Det vert lagt opp til å selje eit bustadhús i 2018 – Prestagarden 3 (Doktorbustaden). Dette er eit bygg som krev ein del kostbart vedlikehald.

4 Målsetjingar og strategiar

Eininga har eit stort fokus på kostnadseffektiv drift, og har ein stabil arbeidsstokk med dyktige medarbeidrarar.

Med stadig høgre krav til planlegging og dokumentasjon, er det viktig å ha fagleg oppdaterte medarbeidrarar, noko som krev kurs og vidareutdanning av personale.

Eininga har som målsetjing å levere gode tenester med kort sakshandsamingstid innanfor gitte råmer.

4.Økonomiplan 2018-2021 med årsbudsjett og økonomiske oversikter

4.1 Inntekter i planperioden

Tabell 3	2017 BUD	2018	2019	2020	2021
Konsesjons/ erstatningskraft	-3 990 722	-4 858 277	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000
Skatt på inntekt og formue	-35 287 000	-35 292 000	-35 292 000	-35 292 000	-35 292 000
Eigedomskatt	-7 623 449	-6 928 180	-7 000 000	-7 000 000	-7 000 000
Statlig rammetilskudd	-51 792 000	-52 428 000	-52 121 000	-52 163 000	-51 948 000
Komp invest. Kostnader	-410 000	-410 000	-410 000	-410 000	-410 000
Renter/ utbytte og lån					
- renteutgifter	841 394	1 263 408	2 352 662	2 786 736	3 214 532
- avdrag på lån	2 947 021	4 292 806	5 531 097	6 142 104	6 737 294
- avsetning til fond					
- innt. Varområde	-980 000	-1 150 000	-1 250 000	-1 350 000	-1 350 000
- renteinntekter	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
- utbytte	-1 147 000	-1 147 000	-1 147 000	-1 147 000	-1 147 000
- avdrag på lån	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Interne finanstrans.					
- avsetning til fond	1 490 722	2 508 277			
- overføring til inv. Rekneskapen	4 325 484	561 285	1 269 780	2 594 299	935 312
- lønnsreguleringsfond	1 200 000	1 400 000	1 200 000	1 400 000	1 200 000
Inntekt introduksjonsordninga	-4 540 800	-3 385 800	-2 244 400	-1 596 000	-750 000
Samhandlingsreforma					
- avsette midlar	0	0	0	0	0
SUM	-95 316 350	-95 923 480	-94 460 862	-91 384 861	-91 159 862
	2017 BUD	2018	2019	2020	2021
Drift	95 316 350	95 923 481	94 460 862	91 384 862	91 159 862
Basis inntekter/ utg i perioden	-95 316 350	-95 923 480	-94 460 862	-91 384 861	-91 159 862
SUM	0	0	0	0	0

Statsbudsjettet legg rammene for størrelsen i skatteinntekter og rammetilskot i åra som kjem. Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2017 til 2018 med 2,4%. Ulvik herad sine skatteinntekter består av 2 komponentar, naturressursskatt og personinntektsskatt. Naturressursskatt er ein flat skatt som vert rekna ut etter gjennomsnittet av produserte KWh i kraftanlegga dei siste 7 åra, og er derfor påverka av andre forhold. Nominell personsinntektsskatt vert regulert i takt med inntektsutviklinga i landet. Det er også påverka av kva skatteøre som vert lagt til kommunane, i 2018 som i 2017 er det kommunale skatteøret på 11,8%. Veksten i skatteinntektene for heradet må reknast å vera nokre mindre enn landet elles som følgje av at naturressursskatten

er ein flat skatt, skatteinntektene for 2018 er budsjettet med kr 35 292 000.

Rammetilskotet til heradet er påvirka av 2 ting, både småkommunetilskotet og inntektsutgjaminga. Ulvik herad er ein liten kommune med færre innbyggjarar enn 3200 og har eit skattenivå under 120% av landsgjennomsnittet. Dette er kriterier som gjer at heradet får småkommunetilskotet på kr 5 543 000. På den andre sida så skal inntektsutgjaminga utjamne skilnadane mellom kommunane sine skatteinntekter. Ulvik herad vert trekt for 60% i rammetilskotet av skatteinntektene som er høgare enn gjennomsnittet i landet. Rammetilskotet for 2018 er budsjettet til kr 52 428 000.

Ulvik herad har eigdomskatt på verk og bruk, i motsetning til personinntektsskatten og naturressursskatten så har den ingen påverknad på rammeoverføringane. Her ser me utviklinga for eigedomsskatten sidan 2009.

2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
7 000 000	7 300 000	7 500 000	8 700 000	9 850 000	10 300 000	10 529 487	9 180 888	7 623 449	6 928 180

Heradet har ein nedgang i eigedomsskatteinntektene frå 2017 til 2018 på nesten kr 700 000, som følgje av mellom anna låge kraftprisar er kraftanlegga komne under den såkalla maksimumsverdien. Det er då gjennomsnittet av formuesverdien dei siste 5 åra som vert nytta som eigedomskattegrunnlag.

I planperioden er det i lagt inn ein auke i eigedomsskatten. Dette som ein følgje av at rådmannen foreslår å innføre eigedomsskatt på alle eigedommar i heradet frå 2019.


Ulvik herad har både konsesjonskraft og erstatningskraft å selja. For 2018 hadde heradet 5 gWh erstatningskraft og ca 26 gWh konsesjonskraft for sal. Heradet selde kraft si i midten av september for 27,584 øre, noko som gjev ein nettovinst på kr 4 858 277.

I planperioden er det likevel ikkje lagt opp til auke i kraftinntektene då det rår stor usikkerheit rundt dette.

Heradet eig 15,3% av Hardanger energi. Forventa utbytte i heile planperioden er i tråd med den vedtekne utbyttemodellen.

Brukabetalung er motyting for kommunale tenester og vert inntektsført over einingane sine driftsbudsjett. Det utgjer 4,85 % av dei totale inntektene til heradet. Brukabetalunga er i budsjettframlegget justert opp, det er einingane sjølve som har kome med forslag på den prosentvise auken. Nokon einingar har auka prisen fordi det er naudsyn for å få budsjettet til å gå i hop, andre har auka prisen fordi satsane i utgangspunktet er låge. Då er det sjølvsagt teke etterhald for tenester som ikkje kan justerast, eller tenester der betalingssatsane vert fastsett i samsvar med eige sjølvkostrekneskap. Betalingssatsane for vass- og kloakkavgifter vert fastsett i sjølvkostrekneskapet og renovasjonsavgiftene vert fastsett av styret i Indre Hordaland miljøverk.

Prosentvis fordeling av driftsinntektene.




4.2 Einingane sine rammer for drifta i planperioden

Budsjett 2018 og øk plan 2018-2021

Tabell 2	Bud 2017	Just 2018	2018 endr %	2019	2020	2021
Rådmann/ stab						
Lønnsutgifter	11 262 108		11 342 302	11 342 302	11 342 302	11 042 302
Driftsutgifter	11 665 861	-75 000	11 797 510	11 822 510	11 697 510	11 772 510
Inntekter	-6 965 046		-7 118 277	-7 118 277	-7 118 277	-7 118 277
Netto	15 962 923		16 021 535	16 046 535	15 921 535	15 696 535
Barnehage						
Lønnsutgifter	9 051 327	662 399	9 858 547	9 858 547	9 858 547	9 858 547
Driftsutgifter	380 192	177 600	566 156	566 156	566 156	566 156
Inntekter	-1 684 928	9 880	-1 712 116	-1 712 116	-1 712 116	-1 712 116
Netto	7 746 591		8 712 587	8 712 587	8 712 587	8 712 587
Undervisning						
Lønnsutgifter	19 260 000	-766 000	18 402 160	17 752 160	17 352 160	17 352 160
Driftsutgifter	3 331 116		3 254 401	3 254 401	3 254 401	3 254 401
Inntekter	-3 156 000		-3 225 432	-3 225 432	-3 225 432	-3 225 432
Netto	19 435 116		18 431 129	17 781 129	17 381 129	17 381 129
Helse og omsorg						
Lønnsutgifter	29 332 155		29 608 846	29 401 846	29 031 846	29 031 846
Driftsutgifter	10 820 773	-510 000	10 548 830	10 548 830	10 096 830	10 096 830
Inntekter	-4 896 067		-5 003 780	-5 003 780	-5 003 780	-5 003 780
Netto	35 256 861		35 153 896	34 946 896	34 124 896	34 124 896
NAV						
Lønnsutgifter	2 409 125		2 447 671	2 447 671	2 447 671	2 447 671
Driftsutgifter	845 576	750 000	1 614 179	1 614 179	864 179	864 179
Inntekter	-214 402		-219 119	-219 119	-219 119	-219 119
Netto	3 040 299		3 842 735	3 842 731	3 092 731	3 092 731
Teknisk avdeling						
282						
Lønnsutgifter	1 991 100		1 991 100	1 991 100	1 991 100	1 991 100
Driftsutgifter	2 773 400		2 773 400	2 773 400	2 773 400	2 773 400
Inntekter	-4 764 500		-4 764 500	-4 764 500	-4 764 500	-4 764 500
	0		0	0	0	0
280,281,283						
Lønnsutgifter	10 866 275		10 790 135	10 540 135	9 840 135	9 840 135
Driftsutgifter	7 215 785		7 329 532	7 248 532	7 053 532	7 053 532
Inntekter	-4 207 500		-4 358 065	-4 430 065	-4 514 065	-4 514 065
Netto	13 874 560		13 761 600	13 358 603	12 379 603	12 379 603
Sum	95 316 350		95 923 481	94 460 862	91 384 862	91 159 862

Rammene til einingane byggjer på budsjettet for 2017 der lønskostnadane er kompensert med ein lønsauken på 1,6%. Endringane i ramma til einingane kjem etter at lønsjusteringa er gjort. I budsjettarbeidet har einingane nytta rapporten frå Telemarksforskning aktiv og lagt inn sparetiltaka som let seg gjera i 2018.

Fordelinga mellom einingane ser slik ut:



Staben har tatt ned lønskostnadane med kr 100 000, og redusert tilskotet til kyrkja med kr 50 000.

Barnehagen sine sparetiltak var innført allereie i 2016. Ramma til barnehagen er auka med kr 850 000. Dette går i all hovudsak til modulbarnehagen.

Skulen har redusert ramma si med kr 1 166 000 i lønskostnader. Dette er redusert overføring frå flyktningefondet som vart tilført skulen i 2015 og reduksjon i tal stillingar etter forslag frå telemarksforskning.

Helse og omsorg har ein reduksjon i ramma på kr 710 000 då legeavtale er opphøyrt og nr 10 er foreslått flytta til Brakanestunet.

NAV si ramme for 2018 er auka med kr 750 000. Dette er auke i stønad til livsopphald.

Tekniske tenester reduserer lønskostnadane med kr 250 000, driftutgiftene med kr 45 000 og auka inntektene med kr 58 000.

I 2018 er sparetiltaka på tilsaman kr 1 613 000 , styking av enkelte einingar er på kr 1 600 000.

Vidare i planperioden er det lagt opp til sparetiltak på:

- kr 1 310 000 for 2019
- kr 2 251 000 for 2020
- kr 300 000 for 2021.

4.3 Lån, renter og avdrag i planperioden

Lån	Tabell 4	årlig avdrag	re.gj 31/12-17	re.gj 31/12-18	re.gj 31/12-19	re.gj 31/12-20	re.gj 31/12-21
20080355	6 500 000	325 000					
20090166	7 692 450	384 623					
20090765	4 202 000	210 100					
20100969	2 500 000	125 000					
Refinansiering							
20120647	15 735 040	983 440	14 751 600	13 768 160	12 784 720	11 801 280	10 817 840
Nytt lån 2013	0	0	0	0	0	0	0
Nytt lån 2014	0	0	0	0	0	0	0
20150485	42 691 470	2 134 574	38 422 323	36 287 750	34 153 176	32 018 603	29 884 029
20160593	1 991 338	99 567	1 891 771	1 792 204	1 692 637	1 593 070	1 493 504
nytt lån va-prosjekt lån 2017 eige sak	11 850 000	592 500	11 850 000	11 257 500	10 665 000	10 072 500	9 480 000
Nytt lån 2017	9 654 516	482 726	9 654 516	9 171 790	8 689 064	8 206 339	7 723 613
Nytt lån 2018	37 148 715	1 238 291		37 148 715	35 910 425	34 672 134	33 433 844
Nytt lån 2019	18 330 220	611 007			18 330 220	17 719 213	17 108 205
Nytt lån 2020	17 855 701	595 190				17 855 701	17 260 511
Nytt lån 2021	6 114 688						6 114 688
SUM			76 570 210	109 426 119	122 225 242	133 938 839	133 316 233
			2017	2018	2019	2020	2021
Avdrag			3 217 580	4 292 806	5 531 097	6 142 104	6 737 294
Renter			845 107	1 263 408	2 352 662	2 786 736	3 214 532
SUM			4 062 688	5 556 215	7 883 758	8 928 840	9 951 826

I framlegg til budsjett for 2018 legg me opp til at heradet skal ta opp lån på
kr 37 148 715

I planperioden er det framlegg om lånne:

- Kr 18 707 838 for 2019
- Kr 17 254 516 for 2020
- Kr 5 479 186 for 2021

4.4 Investeringar i planperioden

Tabell 5	2018	2019	2020	2021
IKT	650 000	300 000	300 000	300 000
IKT skule	200 000	200 000	200 000	200 000
Kommunale bygg	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
Kommunale vregar	500 000	500 000	500 000	500 000
Innbet til husbanklån	100 000	100 000	100 000	100 000
Investeringar avløp ihht plan	6 650 000	2 450 000	2 650 000	2 600 000
Investeringar vatn ihht plan	3 460 000	2 150 000	2 800 000	1 950 000
Ulvik Sjukeheim ny/ rehabillitering	25 000 000	12 500 000	12 500 000	
Sum	38 060 000	19 700 000	20 550 000	7 150 000
Finansiering	38 060 000	19 700 000	20 550 000	7 150 000
Overføring drift	561 285	1 269 780	2 594 299	935 312
Bruk av fond	250 000			
Avdrag lån	100 000	100 000	100 000	100 000
LÅN	37 148 715	18 330 220	17 855 701	6 114 688

I framlegg til budsjett for 2018 er det lagt inn investeringar i IKT, kommunale bygg og kommunale vregar. I tillegg er det lagt opp til investeringar i vatn og avlaup etter vedteken plan.

I planperioden er det framlegg om investeringar på:

Kr 19 700 000 for 2019

Kr 20 550 000 for 2020

Kr 7 150 000 for 2021

4.5 Disponible fond

	Konto (T)	Beløp
25300100	Investeringsfond	5 012 344
25300110	Ubunde inv. fond avbøtande tiltak	827 252
25791000	Disposisjonsfond	10 196 384
	Disponible midler	16 035 980

Ulvik herad har disponible midlar på fond på kr 16 035 980 pr oktober 2017. Då er det teke omsyn til allereie vedtekne løyvingar.

I planperioden er det forventa at heradet skal få tilbakeført tippemidlar i samband med ferdigstilling av fleirbrukshallen. Det var framlegg om tilbakeføring til fond for avbøtande tiltak i saka om fleirbrukshall.

4.6 Næringsfondet

Teneste	Tekst	2018	2017
3250	Tilrettelegging næring		
	Bygdeutviklar 100 %	692 000	673 000
16/334	Hardangerviddatunnelene	25 000	50 000
12/387	Kunsnarhusvære i Berlin	5 000	0
	Honorar AONGrieg	90 000	90 000
15/355	Tilskot Reisemål Hardangerfjord AS	390 000	390 000
	(LVK) Landssamansl. av Vasskraftkommunar	130 000	130 000
12/185-8	IS Fjordvegen Rute 13	35 000	30 000
11/281-1	Utdelingskomm sammenslutning	33 000	40 000
16/415	Tilskot Ulvik Næringslag	972 000	917 500
12/46-33	Hardangerrådet	208 970	199 020
	SNP/Tilskot	600 000	600 000
16/444	Nynorsk kultursentrum - Haugesenter	1 100 000	1 075 000
13/74	Poesifestival	551 100	544 000
	Cittaslow	200 000	100 000
	Diverse driftsutgifter	167 993	166 050
	Sentrumsplanting	30 000	
16/386	Hardingpuls - Årleg tilskot	15 000	15 000
12/44	Medlemskontingent Forum nye Bergensbanen	38 120	33 000
	Sommarfestival - Årleg tilskot	25 000	25 000
15/383	Cruise destinasjon hardangerfjord	120 000	120 000
	Folkehelse/Stirydding/Skilting av turløyper	50 000	40 000
	SUM 3250	5 478 183	5 695 570
3253	Tilrettelegging jordbruk		
	Tilskot forsøksringane	50 000	50 000
	Løn med mer næring	200 000	166 000
		250 000	216 000
3255	Tilrettelegging skogbruk		
	Løn/drift næringsadm	247 000	247 000
3256	Veterinærteneste		
	Løn/administrasjon	300 000	334 000
3333	Osafjellsvegen	40 000	40 000
3852	"Frie" kulturmidlar	100 000	100 000
3601	Vilt/utmarksnæring		
	Løn/administrasjon	105 000	105 000
3750	Museum		
	Hardanger og Voss Museum	12 000	12 000
3850	Kulturadm.		
	Lønn kulturkonsulent	417 000	0
3650	Kulturminneforvaltning		
	Tilskot kulturvern	60 000	30 000
SUM		7 009 183	6 739 570

4.7 Sparekatalogen - oppsummering

Sparekatalogen er utarbeidd av rådmannen og einingsleiarane. Denne viser moglege innsparingstiltak i økonomiplanperioden 2018-2021. Sparekatalogen er retteliande i arbeidet med innsparingar. Tiltaka etter denne oppsummeringa er innarbeidd i rammene til einingane, og vil bli gjennomført når vedtaka er endelege i dei årlege budsjetta. Tabellen er oppdatert pr.1.11.2017.

Sparekatalog	Sum i 1000 kr.					
		År	År	År	År	
		2018	2019	2020	2021	
Eining/område	Tiltak					Merknader
Administrasjon	20% ressurs stab	-100				Naturleg avgang
Administrasjon	Arkivar 45% stilling				-300	Naturleg avgang.
Administrasjon	Justert tilskot Kyrkj	-50	-50	-50		Justert tilskot Kyrkj
Undervisning	Reduksjon tal lærarar	-400	-400	-400		Frå 0,6-2,5 årsverk i perioden. Slå saman klassar.
Undervisning	Reduksjon assistenter		-250			Frå 0,5 til 1 årsverk i perioden. Mindre ekstraressursar
Helse&sosial	Redusert legesteneste	-510				Frå 3 til 2 fastlegar
Helse&sosial	Redusert fysioterapiteneste			-452		Frå 2 til 1 driftstilskot. Naturleg avgang eller vakanse.
Helse&sosial	Avslutta leigeavtale brakanestunet	-200				Reduera driftsutgifter ved flytting
Pleie- og omsorg	Redusera 80% stilling kjøkken			-370		Reduksjon v/ledigheit. 20% (2017), 60% (2018)
Pleie- og omsorg	Redusera 50% stilling US				-200	Reduksjon v/overgang til ny sjukeheim, avdelingskjøkken
Pleie- og omsorg	Redusera 40% stilling hjelpepleiar		-207			Reduksjon heimehjelp
Teknisk	Auka gebyr byggesak og plan	-58	-72	-84		20% auke pr.år
Teknisk	Kommunale vegar		-30	-135		Redusert vintervedlikehald. Nedklassifisering vegar.
Teknisk	Redusera 100% stilling kontor			-700		Naturleg avgang. 100% stilling kontor.
Teknisk	Redusert stilling 100% - drift	-250				Naturleg avgang. 100% stilling drift.
Teknisk	Redusera 100% stilling reinhald		-250			100% stilling redusert ved naturleg avgang
Teknisk	Redusera driftsutgifter -bygg	-45	-51	-60		Sal av kommunal eigedom. Reduserte driftsutgifter.
Sum innsparing		-1 613	-1 310	-2 251	-500	